



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Stryn kulturhus - Tingsalen
Dato: 21.05.2026
Tid: Kl. 12:00 - 14:40

Følgjande medlem møtte

Haldor Andre Lungård Hove
Ellen Hilde Hauge
Per Atle Kjøllesdal
Rune Egil Myklebust
Silje Åsnes Skarstein

Parti

Ap
H
Sp
Sp
Sp

Forfall meldt frå følgjande medl.

Sonja Merethe Øvre-Flo
Janne Elin Alsaker

Parti

H
V

Følgjande varamedlem møtte

Kari Synnøve Muri
Jan Træen

Parti

KrF
Ap

Underskrifter:

Per Atle Kjøllesdal
ordførar

Jon Nesje
kommunedirektør

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
055/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
056/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
057/26	Referatsaker
058/26	Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå arealkrav for oppføring av garasje på gbnr. 86/157 på Muristranda
059/26	Søknad om auke i bomvegavgift for Erdalen Grunneigarlag
060/26	Satsingsområder for kommunale bustadar Stryn kommune
061/26	Nedklassifisering av del av Oppheimsvegen til privat veg - veglenkje 4651 KV1081 S1D1 0-507m
062/26	Forskottering av spelemidlar og momskompensasjon - Søknad frå Vikane IL
063/26	Avslutning av prosjekt 40013 Massebasseng Storelva Utvik og flytting av midlar til 46224 Gangveg Storelva Utvik
064/26	Søknad om deling etter jordlova. Gbnr. 115/2
065/26	Klage på vedtak - dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplan og frå § 1-8 i plan og bygningslova for oppføring av til- og påbygg til bustadhus på gbnr. 83/21
066/26	Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå arealfromålet i plan for frådeling av tilleggsareal frå gbnr. 137/4 til fritidseigedomen med gbnr. 137/13
067/26	Reguleringsendring for Leitekvia- Solvik
068/26	Godkjenning av årsrekneskapen 2025
069/26	Godkjenning av årsmelding 2025
070/26	Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 30. april 2026
071/26	Søknad om dispensasjon frå arealføremål for oppføring av tribune på gbnr. 70/62 på Loen stadion

055/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

I ope møtet tok ordføraren opp spørsmål om kor vidt formannskapet kunne slutte seg til at møtet vart lukka under kommunedirektøren si orientering om lade plass for buss og Vestland fylkeskommune sitt planinitiativ for lade plass ved Stryn Vidaregåande skule. Formannskapet vedtok samrøystes at møtet skulle vere lukka under denne orienteringa. Heimel for lukking av møtet Offentleglova §23 første ledd. Omsynet til kommunen sin forhandlingsposisjon.

FO- 055/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

056/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

FO- 056/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

057/26: Referatsaker

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Spørsmål frå representanten Ellen Hilde Hauge (H) No er det snart 6 mnd sidan saka om brannstasjon/fellesbygg blei vedteke og kontrakta signert. Høgre ønskjer ei løypemelding i denne saka. Kva ser kommunedirektøren føre seg tidsmessig ifht oppstart og ferdigstilling? Er det i kontrakta noko dato for overtaking av bygget?

Svar frå komunedirektøren:

Oppstartsmøte er gjennomført og det er etablert ein organisasjonsplan for prosjekt. Komunedirektøren er prosjekteigar. Det er også etablert styringsgruppe og interessentgruppe. Mandat, roller og ansvar i prosjektet er også avklart. Står att å velje enterpriseform blir avklart i komande veke.

Det ligg føre framdriftsplan men det gjenstår å lage plan med milepæl inkludert løypemelding til

formannskap

Overtaking i utgangen av 2027. Skal vere innflytta i starten av 2028

FO- 057/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

058/26: Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon frå arealkrav for oppføring av garasje på gbnr. 86/157 på Muristranda

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek ikkje klage til følgje og opprettheld administrativt vedtak av 14.11.2025 (vår ref. 25/1790-2).

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 28.04.2026:

Handsaming:

Utsett med synfaring, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, Senterpartiet
Saka vert utsett til vi kan ha synfaring

Framlegg frå representanten Silje Skarstein (Sp)
Saka vert utsett, det blir gjennomført synsfaring.
Samrøystes vedteke.

FO- 054/26 Vedtak:

Saka vert utsett, det blir gjennomført synsfaring.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Endringsframlegg, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre
Dispensasjon og løyve til oppføring av garasje på gbnr. 86/157 på Muristranda

Formannskapet tek klaga til følgje og omgjer administrativt vedtak av 14.11.2025 i sak 25/1790-2.
Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for Muristranda §6 om maksimal grunnflate for garasje på 35 m², slik at det kan oppførast garasje med grunnflate på inntil 80 m² på gbnr. 86/157.

Vedtaket er grunngjeve slik:

Formannskapet legg vekt på at reguleringsplanen for Muristranda er frå 1984 og i fleire høve ikkje er tilpassa dagens behov og byggeskikk. Storleiksavgrensinga på 35 m² framstår som lite hensiktsmessig samanlikna med moderne krav til garasje, lagring og bruk av eigedom. Det vert vidare lagt vekt på at tiltakshavar tidlegare fekk innvilga tilsvarande dispensasjon og byggjeløyve for 80m² garasje på same eigedom i 2015. Sjølv om tidlegare vedtak ikkje åleine gir rettskrav på nytt løyve, viser det at

kommunen tidlegare har vurdert tiltaket som akseptabelt i høve omgjevnader og planomsyn. Formannskapet vurderer at den reviderte plasseringa, der garasjen er trekt lenger mot aust og meir skjerma frå naboar og omgjevnader, reduserer den visuelle påverknaden vesentleg. Etter synfaring finn formannskapet at tiltaket ikkje vil framstå dominerande eller medføre vesentlege negative verknader for naboar, landskap eller byggjefeltet som heilskap.

Formannskapet legg også vekt på at det i nærområdet finst fleire større garasjar som overstig storleiken reguleringsplanen frå 1984 opphavleg opnar for. Området har over tid utvikla seg med større bygningar og ein annan byggeskikk enn det planen la til grunn då han vart vedteken.

Omsyna bak reguleringsføresegna vert etter ei samla vurdering ikkje vesentleg tilsidesette. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurdert som klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Endringsframlegg, foreslått av Haldor Andre Lungård Hove, Arbeiderpartiet Formannskapet tek klaga delvis til følge og gjev med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for Muristranda §6, slik at det kan oppførast garasje med grunnflate på inntil 50 m² på gbnr. 86/157.

Formannskapet legg vekt på at reguleringsplanen er frå 1984 og ikkje fullt ut tilpassa dagens behov og byggeskikk, samstundes som ein må vere varsam med å etablere presedens for vesentleg større bygg enn planen opnar for.

Det vert vidare lagt vekt på at tiltaket er trekt lenger mot aust og meir skjerma frå naboar og omgjevnader, og at ei avgrensing til 50 m² gir ei meir balansert tilpassing til området og reguleringsføremålet.

Før handsaming av saka vart det halde synfaring.

Haldor Hove (Ap) trekte sitt framlegg.

Det vart røysta ved at framlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H) vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg.

Dispensasjon og løyve til oppføring av garasje på gbnr. 86/157 på Muristranda

Formannskapet tek klaga til følge og omgjer administrativt vedtak av 14.11.2025 i sak 25/1790-2.

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for Muristranda §6 om maksimal grunnflate for garasje på 35 m², slik at det kan oppførast garasje med grunnflate på inntil 80 m² på gbnr. 86/157.

Vedtaket er grunngeve slik:

Formannskapet legg vekt på at reguleringsplanen for Muristranda er frå 1984 og i fleire høve ikkje er tilpassa dagens behov og byggeskikk. Storleiksavgreinsinga på 35 m² framstår som lite hensiksmessig samanlikna med moderne krav til garasje, lagring og bruk av eigedom. Det vert vidare lagt vekt på at tiltakshavar tidlegare fekk innvilga tilsvarande dispensasjon og byggjeløyve for 80m2 garasje på same eigedom i 2015. Sjølv om tidlegare vedtak ikkje åleine gir rettskrav på nytt løyve, viser det at kommunen tidlegare har vurdert tiltaket som akseptabelt i høve omgjevnader og planomsyn.

Formannskapet vurderer at den reviderte plasseringa, der garasjen er trekt lenger mot aust og meir skjerma frå naboar og omgjevnader, reduserer den visuelle påverknaden vesentleg. Etter synfaring finn formannskapet at tiltaket ikkje vil framstå dominerande eller medføre vesentlege negative verknader for naboar, landskap eller byggjefeltet som heilskap.

Formannskapet legg også vekt på at det i nærområdet finst fleire større garasjar som overstig storleiken reguleringsplanen frå 1984 opphavleg opnar for. Området har over tid utvikla seg med større bygningar og ein annan byggeskikk enn det planen la til grunn då han vart vedteken.

Omsyna bak reguleringsføresegna vert etter ei samla vurdering ikkje vesentleg tilsidesette. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurdert som klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Framlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H) samrøyses vedteke.

FO- 058/26 Vedtak:

Dispensasjon og løyve til oppføring av garasje på gbnr. 86/157 på Muristranda

Formannskapet tek klaga til følgje og omgjer administrativt vedtak av 14.11.2025 i sak 25/1790-2. Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for Muristranda §6 om maksimal grunnflate for garasje på 35 m², slik at det kan oppførast garasje med grunnflate på inntil 80 m² på gbnr. 86/157.

Vedtaket er grunngjeve slik:

Formannskapet legg vekt på at reguleringsplanen for Muristranda er frå 1984 og i fleire høve ikkje er tilpassa dagens behov og byggeskikk. Storleiksavgreinsinga på 35 m² framstår som lite hensiksmessig samanlikna med moderne krav til garasje, lagring og bruk av eigedom. Det vert vidare lagt vekt på at tiltakshavar tidlegare fekk innvilga tilsvarande dispensasjon og byggjeløyve for 80m² garasje på same eigedom i 2015. Sjølv om tidlegare vedtak ikkje åleine gir rettskrav på nytt løyve, viser det at kommunen tidlegare har vurdert tiltaket som akseptabelt i høve omgjevnader og planomsyn. Formannskapet vurderer at den reviderte plasseringa, der garasjen er trekt lenger mot aust og meir skjerma frå naboar og omgjevnader, reduserer den visuelle påverknaden vesentleg. Etter synfaring finn formannskapet at tiltaket ikkje vil framstå dominerande eller medføre vesentlege negative verknader for naboar, landskap eller byggjefeltet som heilskap.

Formannskapet legg også vekt på at det i nærområdet finst fleire større garasjar som overstig storleiken reguleringsplanen frå 1984 opphavleg opnar for. Området har over tid utvikla seg med større bygningar og ein annan byggeskikk enn det planen la til grunn då han vart vedteken.

Omsyna bak reguleringsføresegna vert etter ei samla vurdering ikkje vesentleg tilsidesette. Fordelane ved å gje dispensasjon vert vurdert som klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

059/26: Søknad om auke i bomvegavgift for Erdalen Grunneigarlag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av veglova § 56 godkjenner Stryn kommune auke i bomvegavgift for Erdalen Grendalag slik:

- Enkelttur – 50,- kr.
- Årskort – 400 kr.

Stryn kommune skal ha fri tilgong til bomvegar i Erdalen Grendalag i høve lovpålagd aktivitet som t.d., men ikkje avgrensa til, tilsyn, ulovlegheitsoppfølging, kontroll, oppmåling, m.m.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 059/26 Vedtak:

I medhald av veglova § 56 godkjenner Stryn kommune auke i bomvegavgift for Erdalen Grendalag slik:

- Enkelttur – 50,- kr.
- Årskort – 400 kr.

Stryn kommune skal ha fri tilgong til bomvegar i Erdalen Grendalag i høve lovpålagd aktivitet som t.d., men ikkje avgrensa til, tilsyn, ulovlegheitsoppfølging, kontroll, oppmåling, m.m.

060/26: Satsingsområder for kommunale bustadar Stryn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune bør søkje etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden.

Utval for samfunnsutvikling 05.05.2026:

Handsaming:

Nytt forslag, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, Senterpartiet

Stryn kommune skal søke etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden

Satsingsområde for kommunale bustadar i Stryn kommunne, foreslått av Jan Træen, Arbeiderpartiet
Stryn kommune skal søkje etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden. Parallellt med nytt bustadfelt i Olden, skal kommunalt bustadfelt i Vikane og Øvre Hogane prioriterast etter at avskjæringsgrøft ovanfor Øvre Hogane er etablert. Dette vert grunngjeve med at Øvre Hogane er både regulert og kjøpt av Stryn kommune, samt at avskjæringsgrøft for overvatn ovanfor Øvre Hogane er under planlegging, samt at det ikkje er kommunale tomter ledig nær Stryn sentrum og heller ikkje kommunale bustadtomter i Vikane området.

Rolf Olav forlet møtet før handsaming av saka

Jan Træen (AP) kom med slikt nytt framlegg:

Stryn kommune skal søkje etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden. Parallellt med nytt bustadfelt i Olden, skal kommunalt bustadfelt i Vikane og Øvre Hogane prioriterast etter at avskjæringsgrøft ovanfor Øvre Hogane er etablert. Dette vert grunngjeve med at Øvre Hogane er både regulert og kjøpt av Stryn kommune, samt at avskjæringsgrøft for overvatn ovanfor Øvre Hogane er under planlegging, samt at det ikkje er kommunale tomter ledig nær Stryn sentrum og heller ikkje kommunale bustadtomter i Vikane området.

Det vart røysta over framlegget. Det fekk 1 røyst og fall.

Silje Skarstein (SP) kom med slikt forslag til endring:

Stryn kommune skal søke etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden

Det vart røysta over framlegget. Det fekk 5 røyster og vart vedteke.
Kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegg frå Silje Skarstein vert tilrådd.

USA- 020/26 Vedtak:

Endre ordlyden i kommunedirektøren sitt framlegg slik:
Stryn kommune skal søke etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Endringsframlegg, foreslått av Haldor Andre Lungård Hove, Arbeiderpartiet

1. Stryn kommune satser på fullføring av kommunalt bustadfelt i Øvre Hogane.
2. Samstundes skal det søkjast etter areal til kommunale bustadfelt i Olden og Vikane.

Endringsframlegg, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre

Stryn kommune skal søkje etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden.
Parallelt skal kommunen prioritere utvikling av kommunale bustadfelt og bustadtomter i Vikane.

Kommunestyret legg vekt på at det i dag er svært få eller ingen ledige kommunale bustadtomter både i Olden og Vikane. For å sikre busetjing, rekruttering til næringsliv og offentlege tenester, samt leggje til rette for vekst i heile kommunen, er det viktig å ha attraktive bustadtomter/bustadfelt tilgjengeleg i fleire delar av kommunen.

Øvre Hogane er allereie regulert og eigd av kommunen, og området vert vurdert som relativt enkelt å utvikle når løysing for overvatn er etablert. Dette blir derfor ikkje prioritert i denne omgang.

Formannskapet meiner det er viktig at kommunen har ei aktiv rolle i bustadutviklinga for å sikre tilflytting, framtidig folketalsvekst og balansert utvikling i heile Stryn kommune.

Fellesframlegg, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre

1. Stryn kommune skal søkje etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden.
2. Parallelt skal kommunen prioritere utvikling av kommunale bustadfelt og bustadtomter i Vikane.

Kommunestyret legg vekt på at det i dag er svært få eller ingen ledige kommunale bustadtomter både i Olden og Vikane. For å sikre busetjing, rekruttering til næringsliv og offentlege tenester, samt leggje til rette for vekst i heile kommunen, er det viktig å ha attraktive bustadtomter/bustadfelt tilgjengeleg i fleire delar av kommunen.

Formannskapet meiner det er viktig at kommunen har ei aktiv rolle i bustadutviklinga for å sikre tilflytting, framtidig folketalsvekst og balansert utvikling i heile Stryn kommune.

Representanten Jan Træen bad om gruppemøte.

Representanten Haldor Hove (Ap) trekte sitt framlegg.

Representanten Ellen Hilde Hauge (H) trekte sitt første framlegg.

Det vart røysta ved at framlegg frå Utval for samfunnsutvikling vart sett opp mot fellesframlegg fremja av Ellen Hilde Hauge (H).

1. Stryn kommune skal søkje etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden.
2. Parallelt skal kommunen prioritere utvikling av kommunale bustadfelt og bustadtomter i Vikane.

Kommunestyret legg vekt på at det i dag er svært få eller ingen ledige kommunale bustadtomter både i Olden og Vikane. For å sikre busetjing, rekruttering til næringsliv og offentlege tenester, samt

leggje til rette for vekst i heile kommunen, er det viktig å ha attraktive bustadtomter/bustadfelt tilgjengeleg i fleire delar av kommunen.

Formannskapet meiner det er viktig at kommunen har ei aktiv rolle i bustadutviklinga for å sikre tilflytting, framtidig folketalsvekst og balansert utvikling i heile Stryn kommune.

Fellesframlegget vart samrøyses tilrådd.

FO- 060/26 Vedtak:

1. Stryn kommune skal søkje etter areal for å etablere nytt kommunalt bustadfelt i Olden.
2. Parallelt skal kommunen prioritere utvikling av kommunale bustadfelt og bustadtomter i Vikane.

Kommunestyret legg vekt på at det i dag er svært få eller ingen ledige kommunale bustadtomter både i Olden og Vikane. For å sikre busetjing, rekruttering til næringsliv og offentlege tenester, samt leggje til rette for vekst i heile kommunen, er det viktig å ha attraktive bustadtomter/bustadfelt tilgjengeleg i fleire delar av kommunen.

Formannskapet meiner det er viktig at kommunen har ei aktiv rolle i bustadutviklinga for å sikre tilflytting, framtidig folketalsvekst og balansert utvikling i heile Stryn kommune.

061/26: Nedklassifisering av del av Oppheimsvegen til privat veg - veglenkje 4651 KV1081 S1D1 0-507m

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune held fast ved vedtaket om nedklassifisering av parsell av Oppheimsvegen.

Parsell av Oppheimsvegen frå Fv. 60 til krysset mot Marsåvegen, veglenkje 4651 KV1081 S1D1 0-507m, vert lagd ned til privat veg, jfr. veglova § 7, 3. ledd.

Stryn kommune skal være grunneigar av nedlagd vegparsell

Stryn kommune skal synfare vegen og utbetre naudsynte manglar

Stryn kommune skal etablere bom på nedlagd vegparsell i samråd med oppsitjarane til vegen

Siste punkt i K-sak 021/25 vert endra slik:

Parsell av Oppheimsvegen, veglenkje 4651 KV1081 S1D1 0-507m, er å rekne som privat veg frå og med 01.08.2026

Utval for samfunnsutvikling 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 019/26 Vedtak:

Stryn kommune held fast ved vedtaket om nedklassifisering av parsell av Oppheimsvegen.

Parsell av Oppheimsvegen frå Fv. 60 til krysset mot Marsåvegen, veglenkje 4651 KV1081 S1D1 0-507m, vert lagd ned til privat veg, jfr. veglova § 7, 3. ledd.

Stryn kommune skal være grunneigar av nedlagd vegparsell

Stryn kommune skal synfare vegen og utbetre naudsynte manglar

Stryn kommune skal etablere bom på nedlagd vegparsell i samråd med oppsitjarane til vegen

Siste punkt i K-sak 021/25 vert endra slik:

Parsell av Oppheimsvegen, veglenkje 4651 KV1081 S1D1 0-507m, er å rekne som privat veg frå og med 01.08.2026

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Utsettingsforslag, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre

Saka om nedklassifisering av del av Oppheimsvegen til privat veg vert utsett.

Formannskapet meiner det ligg føre fleire uavklarte forhold knytt til heilårstilkomst, trafikkisikkerheit, beredskap, ansvarstilhøve og konsekvensar for dei berørte eigedomane. Før det kan fattast endeleg vedtak om privatisering av vegparsellen, må kommunen gjennomføre nærare vurderingar, viser til brev frå oppsitjarane sendt til kommunen 08.01.26.

Kommunedirektøren vert bedt om å kome tilbake med saka der følgjande forhold er vurderte og avklarte:

1. Heilårstilkomst:

- Vurdere om eigedomane gnr. 82 bnr. 1, 18 og 27 har reell og forsvarleg heilårstilkomst via Solvikvegen.

2. Beredskap og samfunnstryggleik:

- Vurdere konsekvensar for beredskap, utrykking og naudetatar dersom Oppheimsvegen vert heilt stengd for køyrande.

3. Ansvar for drift og vedlikehald:

- Klargjere framtidig ansvar for brøyting, strøing, vedlikehald, overvasshandtering og teknisk infrastruktur.

- Vurdere om det er rimeleg og forholdsmessig å overføre driftsansvar til eit avgrensa tal private brukarar.

4. Trafikkisikkerheit for mjuke trafikantar

- Vurdere konsekvensar for skuleborn som brukar denne vegen som skuleveg.

5. Tidlegare offentlege føringar og vedtak

- Korleis er dette vedtaket ifht reguleringsføresegnene til Rake samt vedtak frå landbrukskontoret (saksdokument datert 18.05.83, der det står at eksisterande gardsbruk også i framtida skal nytte Oppheimsvegen som tilkomst).

6. Behov for fysiske utbetringar

- Vurdere behov og kostnader for utbetring av tilkomst frå eigedomane opp til Solvikvegen dersom denne skal vere hovudtilkomst.

Tillegg til utsettingsforslag, foreslått av Ellen Hilde Hauge, Høgre

Ein skal sjå saka i samanheng med pågåande prosess for nedklassifisering av kommunale vegar.

Det vart røysta ved at framlegg frå utval for samfunnsutvikling vart sett opp mot framlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H).

Saka om nedklassifisering av del av Oppheimsvegen til privat veg vert utsett.

Formannskapet meiner det ligg føre fleire uavklarte forhold knytt til heilårstilkomst, trafikkssikkerheit, beredskap, ansvarstilhøve og konsekvensar for dei berørte eigedomane. Før det kan fattast endeleg vedtak om privatisering av vegparsellen, må kommunen gjennomføre nærare vurderingar, viser til brev frå oppsitjarane sendt til kommunen 08.01.26.

Kommunedirektøren vert bedt om å kome tilbake med saka der følgjande forhold er vurderte og avklarte:

1. Heilårstilkomst:

- Vurdere om eigedomane gnr. 82 bnr. 1, 18 og 27 har reell og forsvarleg heilårstilkomst via Solvikvegen.

2. Beredskap og samfunnstryggleik:

- Vurdere konsekvensar for beredskap, utrykking og naudetatar dersom Oppheimsvegen vert heilt stengd for køyrande.

3. Ansvar for drift og vedlikehald:

- Klargjere framtidig ansvar for brøyting, strøing, vedlikehald, overvasshandtering og teknisk infrastruktur.

- Vurdere om det er rimeleg og forholdsmessig å overføre driftsansvar til eit avgrensa tal private brukarar.

4. Trafikkssikkerheit for mjuke trafikantar

- Vurdere konsekvensar for skuleborn som brukar denne vegen som skuleveg.

5. Tidlegare offentlege føringar og vedtak

- Korleis er dette vedtaket ifht reguleringsføresegnene til Rake samt vedtak frå landbrukskontoret (saksdokument datert 18.05.83, der det står at eksisterande gardsbruk også i framtida skal nytte Oppheimsvegen som tilkomst).

6. Behov for fysiske utbetringar

- Vurdere behov og kostnader for utbetring av tilkomst frå eigedomane opp til Solvikvegen dersom denne skal vere hovudtilkomst.

Ein skal sjå saka i samanheng med pågåande prosess for nedklassifisering av kommunale vegar.

Framlegg frå representanten Ellen Hilde Hauge (H) samrøystes tilrådd.

FO- 061/26 Vedtak:

Saka om nedklassifisering av del av Oppheimsvegen til privat veg vert utsett.

Formannskapet meiner det ligg føre fleire uavklarte forhold knytt til heilårstilkomst, trafikkssikkerheit, beredskap, ansvarstilhøve og konsekvensar for dei berørte eigedomane. Før det kan fattast endeleg vedtak om privatisering av vegparsellen, må kommunen gjennomføre nærare vurderingar, viser til brev frå oppsitjarane sendt til kommunen 08.01.26.

Kommunedirektøren vert bedt om å kome tilbake med saka der følgjande forhold er vurderte og avklarte:

1. Heilårstilkomst:

- Vurdere om eigedomane gnr. 82 bnr. 1, 18 og 27 har reell og forsvarleg heilårstilkomst via Solvikvegen.

2. Beredskap og samfunnstryggleik:

- Vurdere konsekvensar for beredskap, utrykking og naudetatar dersom Oppheimsvegen vert heilt stengd for køyrande.

3. Ansvar for drift og vedlikehold:

- Klargjere framtidig ansvar for brøyting, strøing, vedlikehold, overvasshandtering og teknisk infrastruktur.
- Vurdere om det er rimeleg og forholdsmessig å overføre driftsansvar til eit avgrensa tal private brukarar.

4. Trafikksikkerheit for mjuke trafikantar

- Vurdere konsekvensar for skuleborn som brukar denne vegen som skuleveg.

5. Tidlegare offentlege føringar og vedtak

- Korleis er dette vedtaket ifht reguleringsføresegnene til Rake samt vedtak frå landbrukskontoret (saksdokument datert 18.05.83, der det står at eksisterande gardsbruk også i framtida skal nytte Oppheimsvegen som tilkomst).

6. Behov for fysiske utbetringar

- Vurdere behov og kostnader for utbetring av tilkomst frå eigedomane opp til Solvikvegen dersom denne skal vere hovudtilkomst.

Ein skal sjå saka i samanheng med pågåande prosess for nedklassifisering av kommunale vegar.

062/26: Forskottering av spelemidlar og momskompensasjon - Søknad frå Vikane IL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon på kr 1 065 552,-. Forskotteringa blir finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond konto 25300004.
2. Vikane Idrettslag fornyar spelemiddelsøknadane årleg til dei står i posisjon til utbetaling.
3. Vikane Idrettslag søker momskompensasjon hos Lotteritilsynet innan frist 1. desember det året rekneskapen er ferdig rapportert/revidert.
4. Vikane Idrettslag betalar attende mva-kompensasjon til Stryn kommune omgåande etter tildeling. Utbetaling av spelemidlar vert overført direkte til Stryn kommune og vert ikkje vidare utbetalt til Vikane Idrettslag.

Utval for samfunnsutvikling 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 012/26 Vedtak:

1. Stryn kommune forskotterer spelemidlar og mva-kompensasjon på kr 1 065 552,-. Forskotteringa blir finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond konto 25300004.
2. Vikane Idrettslag fornyar spelemiddelsøknadane årleg til dei står i posisjon til utbetaling.
3. Vikane Idrettslag søker momskompensasjon hos Lotteritilsynet innan frist 1. desember det året rekneskapen er ferdig rapportert/revidert.
4. Vikane Idrettslag betalar attende mva-kompensasjon til Stryn kommune omgåande etter

tildeling. Utbetaling av spelemidler vert overført direkte til Stryn kommune og vert ikkje vidare utbetalt til Vikane Idrettslag.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Framlegg frå utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 062/26 Vedtak:

1. Stryn kommune forskotterer spelemidler og mva-kompensasjon på kr 1 065 552,-. Forskotteringa blir finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond konto 25300004.
2. Vikane Idrettslag fornyar spelemiddelsøknadane årleg til dei står i posisjon til utbetaling.
3. Vikane Idrettslag søker momskompensasjon hos Lotteritilsynet innan frist 1. desember det året rekneskapen er ferdig rapportert/revidert.
4. Vikane Idrettslag betalar attende mva-kompensasjon til Stryn kommune omgåande etter tildeling. Utbetaling av spelemidler vert overført direkte til Stryn kommune og vert ikkje vidare utbetalt til Vikane Idrettslag.

063/26: Avslutning av prosjekt 40013 Massebasseng Storelva Utvik og flytting av midlar til 46224 Gangveg Storelva Utvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt 40013 Massebasseng Storelva Utvik vert avslutta utan vidare rapportering og resterande midlar, ca. 6 MNOK, vert flytta til prosjekt 46224 Gangveg Storelva Utvik.

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen, 10 % av totalkostnaden for ferdigstilling av sikringstiltak mot flaum frå oppstraum ny bru Fv. 60 og ut i fjorden, totalt 250.000,- NOK for kommunen. Arbeidet vert utført i regi av NVE.

Distriktsandelen skal dekkast av midlar i prosjekt 46224 Gangveg Storelva Utvik.

Utval for samfunnsutvikling 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 021/26 Vedtak:

Prosjekt 40013 Massebasseng Storelva Utvik vert avslutta utan vidare rapportering og resterande midlar, ca. 6 MNOK, vert flytta til prosjekt 46224 Gangveg Storelva Utvik.

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen, 10 % av totalkostnaden for ferdigstilling av sikringstiltak mot flaum frå oppstraum ny bru Fv. 60 og ut i fjorden, totalt 250.000,- NOK for kommunen. Arbeidet vert utført i regi av NVE.

Distriktsandelen skal dekkast av midlar i prosjekt 46224 Gangveg Storelva Utvik.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Utval for samfunnsutvikling sitt famlegg samrøystes tilrådd.

FO- 063/26 Vedtak:

Prosjekt 40013 Massebasseng Storelva Utvik vert avslutta utan vidare rapportering og resterande midlar, ca. 6 MNOK, vert flytta til prosjekt 46224 Gangveg Storelva Utvik.

Stryn kommune stiller garanti for distriktsandelen, 10 % av totalkostnaden for ferdigstilling av sikringstiltak mot flaum frå oppstraum ny bru Fv. 60 og ut i fjorden, totalt 250.000,- NOK for kommunen. Arbeidet vert utført i regi av NVE.

Distriktsandelen skal dekkast av midlar i prosjekt 46224 Gangveg Storelva Utvik.

064/26: Søknad om deling etter jordlova. Gbnr. 115/2

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i jordlova §§ 1 og 12, vert søknaden om frådeling av eit areal på ca. 850 m² med påståande våningshus og fritidsbygg på Ytre Skarstein, Gards- og bruksnummer 115/2, avslege.

Vedtaket grunngjevast med at ei frådeling av ønska areal er i strid med jordlovas føremål og LNF-føremålet i kommunedelplanen. Frådelinga legg ikkje til rett for ein tenleg og variert bruksstruktur, vern av arealressursane, driftsmessig god løysing og drifts- og miljømessige ulemper. Vidare grunngjeving kjem fram av saksutgreiinga ovanfor.

Utval for samfunnsutvikling 05.05.2026:

Handsaming:

Utsett for avklaring i kva politisk utval som skal handsame saka
Setje av tid til synfaring

USA- 017/26 Vedtak:

Saka vert flytta til formannskapet.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Frådeling etter jordlova, foreslått av Silje Åsnes Skarstein, Senterpartiet

Med heimel i jordlova §§ 1 og 12 vert søknaden om frådeling av eit areal på om lag 850 m² med påståande bustadhus og fritidsbygg på gbnr. 115/2 godkjent.

Grunngjeving

Formannskapet har lagt vekt på dei samla omsyna i jordlova § 12, herunder omsynet til tenleg og variert bruksstruktur, vern av arealressursar, driftsmessig gode løysingar, drifts- og miljømessige ulemper og ikkje minst omsynet til busetting.

Ved vurdering av søknadar om deling etter jordlova skal det gjerast ei konkret og heilskapleg vurdering av forholda i den enkelte sak. Formannskapet legg til grunn at jordlova ikkje inneheld eit generelt forbud mot frådeling av eksisterande bustadhus på landbrukseigedomar, men opnar for skjønsmessige vurderingar der fleire omsyn skal vektleggast.

Formannskapet viser til at føremålet med jordlova er å sikre at arealressursane blir disponerte på ein måte som gir ein tenleg og variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området, med hovudvekt på omsynet til busetting, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Dette betyr at jordlova ikkje berre handlar om landbruk, men også om å oppretthalde levande lokalsamfunn.

Vidare legg formannskapet til grunn at vurderinga av kva som er ein tenleg og variert bruksstruktur vil kunne endre seg over tid, og at lovverket må praktiserast i lys av dagens samfunns- og busettingsutvikling i distrikta.

Og i ei landbruksbygd med mangel på både tomter og hus til sal er det å kunne legge til rette for fortsatt busetning, utan inngrep i dyrka mark svært vanskelig.

Formannskapet legg til grunn at omsøkt frådeling gjeld eksisterande bustad med etablert infrastruktur, og ikkje etablering av nye bustader eller nye inngrep i dyrka mark. Frådelinga inneber difor ikkje ytterlegare oppdeling av landbruksareal eller ny nedbygging av jordbruksressursar. Jordvernet vert tvert imot styrka ved dette vedtaket.

Eigedomen vil etter frådelinga framleis sitje att med vesentlege arealressursar i form av fulldyrka jord, innmarksbeite og produktiv skog. Det er ikkje dokumentert at frådelinga vil svekke moglegheita for vidare drift av jord- og skogressursane. Driftssenteret på garden ligg fleire hundre meter frå omsøkt område og deler heller ikkje veg eller anna infrastruktur. Omsøkte område framstår som ei sjølvstengig bueining med eigen veg.

Formannskapet legg vidare vekt på at eigedomen som er omsækt frådelt frå allereie har fleire bustadhus og fritidsbygg, og at frådelinga difor ikkje medfører ei vesentleg endring av eksisterande struktur eller bruksmønster på eigedomen. Det vil heller tvert om redusere kostnaden på noverande bruksstruktur med å få færre hus og vedlikahalde og betale for.

Det vert òg lagt vekt på at omsynet til tenleg og variert bruksstruktur må vurderast opp mot samfunnsutviklinga i området. Aktiv bruk av eksisterande bygningar og tilrettelegging for eigarskap og busetting i distrikta er etter formannskapet sitt syn relevante nasjonale og regionale omsyn i denne vurderinga. Ved å gi dispensasjon i denne saka vil ein støtte opp under stortingets mål om å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret i landet og ha levande lokalsamfunn i heile landet. Ei frådeling vil være positivt med dette som bakteppe då det vil gi fast busetjing og langsiktige

eigarforhold.

Formannskapet kan ikkje sjå at frådelinga vil medføre vesentleg svekking av arealressursane på eigedomen. Arealet som vert frådelt er allereie teke i bruk til bustad og er ikkje ein del av eit aktivt drive jordbruksareal.

Den omsøkte parsellen tek ikkje i bruk ny landbruksjord då ressursflata allereie er bebygd. Det vert vidare lagt vekt på at tomta er plassert i tilknyting til eksisterande og opparbeidd infrastruktur.

Vidare vert det lagt vekt på at jordbruksareala rundt eigedomen framleis vil kunne driftast som i dag. Det er ikkje dokumentert at frådelinga vil føre til tap av spreieareal eller ha nokon hindringar for jordbruksdrifta.

Formannskapet viser til at jordlova skal sikre vern av arealressursane, men at vurderinga må vere konkret og forholdsmessig. I denne saka ser ein ikkje at omsøkt frådeling vil føre til ei ugunstig oppdeling av jordbruksområde eller vesentleg svekking av landbruksinteressene, husa har tross alt vert der i fleire hundre år.

Formannskapet finn ikkje grunnlag for å slå fast at frådelinga vil føre til ei driftsmessig dårleg løysing for eigedomen. Det er ikkje dokumentert nokon driftsmessige ulemper knytt til tilkomst, arrondering eller drift av jordbruksareala.

Jordbruksareala vert i dag drivne gjennom utleige, og frådelinga endrar ikkje dette forholdet. Areal vil framleis kunne driftast på ein rasjonell måte etter frådelinga.

Formannskapet kan ikkje sjå at det er dokumentert konkrete drifts- eller miljømessige ulemper som følgje av frådelinga.

Det er vist til moglegheita for framtidige konflikthar mellom bustad og landbruk, men formannskapet meiner slike vurderingar må vere konkrete og forholdsmessige. Potensielle framtidige konflikthar kan ikkje åleine vere avgjerande dersom det ikkje ligg føre konkrete forhold som tilseier at konflikt faktisk vil oppstå.

Landbruksdrift vil naturleg medføre lukt, støy, gjødsling og aktivitet, og dette er forhold som må forventast i eit landbruksområde. Ein legg til grunn at denne grunnleggande kunnskapen også vil gjelde for framtidige eigarar av eigedomen.

Ein kan heller ikkje sjå at jordlova legg opp til at hypotetiske konflikthar langt fram i tid skal vere avgjerande for alle delingssaker. Ei slik forståing ville i praksis gjere det svært vanskeleg å oppretthalde eigarskap og busetting i mange distriktsområde. Vi kan ikkje ende opp med at alle bygder med aktivt landbruk kun skal være bebudde av dei som driv jorda, trenden er større driftseiningar, færre bønder og om ikkje hus som ligg nær dyrka jord skal kunne nyttast til andre enn bønder så vil bygdene bli avfolka.

Formannskapet vurderer at denne saka har fleire særskilde forhold som avgrensar eventuell presedensverknad. Saka gjeld eksisterande bebyggelse med etablert infrastruktur og ikkje oppføring av nye bustader eller nye inngrep i dyrka mark.

Det vert vidare lagt vekt på at vurderingar etter jordlova skal vere konkrete og baserte på forholda i den enkelte saka. Ei godkjenning i denne saka inneber difor ikkje at alle tilsvarande søknader

automatisk må godkjennast.

Formannskapet legg stor vekt på omsynet til busetting og levande bygder. Frådelinga legg til rette for aktiv bruk av eksisterande bustadmasse utan nye naturinngrep eller nedbygging av jordbruksjord.

Det vert lagt vekt på at eigarskap til bustad ofte gir meir langsiktig busetting og større investering i eigedom og lokalsamfunn enn rein leige.

Formannskapet vurderer vidare at frådelinga vil bidra til eit hensiktsmessig busettingsmønster i området og ei tenleg areal- og ressursdisponering. Utan noko nedbygging av dyrka jord.

Naturmangfald og miljø

Formannskapet kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke naturmangfaldet i vesentleg grad. Frådelinga gjeld eksisterande bebyggelse og inneber ikkje nye inngrep i natur- eller landbruksområde.

Det er ikkje dokumentert konflikt med registrerte naturverdiar eller friluftsiinteresser, og formannskapet legg til grunn at tiltaket ikkje vil ha negative verknader av betydning for naturmangfald eller landskap.

Samla vurdering

Etter ei samla vurdering finn formannskapet at frådelinga ikkje vil føre til vesentleg svekking av landbruksinteressene på eigedomen eller i området.

Fordelane ved frådelinga i form av busetting, bruk av eksisterande bygningsmasse, utnytting av etablert infrastruktur, ingen naturinngrep og fleksibel ressursforvaltning vert vurderte som klart større enn dei moglege ulempe.

Formannskapet legg vidare vekt på at omsøkt frådeling ikkje medfører ny nedbygging av dyrka jord, ikkje fører til dokumenterte driftsulempar og ikkje inneber vesentlege negative konsekvensar for landbruket i området.

Formannskapet finn på denne bakgrunnen at frådelinga er forsvarleg ut frå føremålet i jordlova §§ 1 og 12, og at vilkåra for samtykke er oppfylte.

Det vart halde synfaring før handsaming av saka.

Det vart røysta ved at kommunedirektøren sitt framlegg vart sett opp mot framlegg frå representanten Silje Åsnes Skarstein (Sp).

Framlegget frå representanten Silje Åsnes Skarstein (Sp) samrøystes vedteke.

FO- 064/26 Vedtak:

Med heimel i jordlova §§ 1 og 12 vert søknaden om frådeling av eit areal på om lag 850 m2 med påståande bustadhus og fritidsbygg på gbnr. 115/2 godkjent.

Grunngjeving

Formannskapet har lagt vekt på dei samla omsyna i jordlova § 12, herunder omsynet til tenleg og variert bruksstruktur, vern av arealressursar, driftsmessig gode løysingar, drifts- og miljømessige ulemper og ikkje minst omsynet til busetting.

Ved vurdering av søknadar om deling etter jordlova skal det gjerast ei konkret og heilskapleg vurdering av forholda i den enkelte sak. Formannskapet legg til grunn at jordlova ikkje inneheld eit generelt forbud mot frådelling av eksisterande bustadhus på landbrukseigedomar, men opnar for skjønsmessige vurderingar der fleire omsyn skal vektleggast.

Formannskapet viser til at føremålet med jordlova er å sikre at arealressursane blir disponerte på ein måte som gir ein tenleg og variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området, med hovudvekt på omsynet til busetting, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Dette betyr at jordlova ikkje berre handlar om landbruk, men også om å oppretthalde levande lokalsamfunn.

Vidare legg formannskapet til grunn at vurderinga av kva som er ein tenleg og variert bruksstruktur vil kunne endre seg over tid, og at lovverket må praktiserast i lys av dagens samfunns- og busettingsutvikling i distrikta.

Og i ei landbruksbygd med mangel på både tomter og hus til sal er det å kunne legge til rette for fortsatt busetning, utan inngrep i dyrka mark svært vanskelig.

Formannskapet legg til grunn at omsøkt frådelling gjeld eksisterande bustad med etablert infrastruktur, og ikkje etablering av nye bustader eller nye inngrep i dyrka mark. Frådelinga inneber difor ikkje ytterlegare oppdeling av landbruksareal eller ny nedbygging av jordbruksressursar. Jordvernet vert tvert imot styrka ved dette vedtaket.

Eigedomen vil etter frådelinga framleis sitje att med vesentlege arealressursar i form av fulldyrka jord, innmarksbeite og produktiv skog. Det er ikkje dokumentert at frådelinga vil svekke moglegheita for vidare drift av jord- og skogressursane. Driftssenteret på garden ligg fleire hundre meter frå omsøkt område og deler heller ikkje veg eller anna infrastruktur. Omsøkte område framstår som ei sjølvstenging bueining med eigen veg.

Formannskapet legg vidare vekt på at eigedomen som er omsækt frådelt frå allereie har fleire bustadhus og fritidsbygg, og at frådelinga difor ikkje medfører ei vesentleg endring av eksisterande struktur eller bruksmønster på eigedomen. Det vil heller tvert om redusere kostnaden på noverande bruksstruktur med å få færre hus og vedlikahalde og betale for.

Det vert òg lagt vekt på at omsynet til tenleg og variert bruksstruktur må vurderast opp mot samfunnsutviklinga i området. Aktiv bruk av eksisterande bygningar og tilrettelegging for eigarskap og busetting i distrikta er etter formannskapet sitt syn relevante nasjonale og regionale omsyn i denne vurderinga. Ved å gi dispensasjon i denne saka vil ein støtte opp under stortingets mål om å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret i landet og ha levande lokalsamfunn i heile landet. Ei frådeling vil være positivt med dette som bakteppe då det vil gi fast busetjing og langsiktige eigarforhold.

Formannskapet kan ikkje sjå at frådelinga vil medføre vesentleg svekking av arealressursane på eigedomen. Arealet som vert frådelt er allereie teke i bruk til bustad og er ikkje ein del av eit aktivt drive jordbruksareal.

Den omsøkte parsellen tek ikkje i bruk ny landbruksjord då ressursflata allereie er bebygd. Det vert vidare lagt vekt på at tomta er plassert i tilknytning til eksisterande og opparbeidd infrastruktur.

Vidare vert det lagt vekt på at jordbruksareala rundt eigedomen framleis vil kunne driftast som i dag. Det er ikkje dokumentert at frådelinga vil føre til tap av spreieareal eller ha nokon hindringar for jordbruksdrifta.

Formannskapet viser til at jordlova skal sikre vern av arealressursane, men at vurderinga må vere konkret og forholdsmessig. I denne saka ser ein ikkje at omsøkt frådeling vil føre til ei ugunstig

oppdeling av jordbruksområde eller vesentleg svekking av landbruksinteressene, husa har tross alt vert der i fleire hundre år.

Formannskapet finn ikkje grunnlag for å slå fast at frådelinga vil føre til ei driftsmessig dårleg løysing for eigedommen. Det er ikkje dokumentert nokon driftsmessige ulemper knytt til tilkomst, arrondering eller drift av jordbruksareala.

Jordbruksareala vert i dag drivne gjennom utleige, og frådelinga endrar ikkje dette forholdet. Areala vil framleis kunne driftast på ein rasjonell måte etter frådelinga.

Formannskapet kan ikkje sjå at det er dokumentert konkrete drifts- eller miljømessige ulemper som følgje av frådelinga.

Det er vist til moglegheita for framtidige konflikhtar mellom bustad og landbruk, men formannskapet meiner slike vurderingar må vere konkrete og forholdsmessige. Potensielle framtidige konflikhtar kan ikkje åleine vere avgjerande dersom det ikkje ligg føre konkrete forhold som tilseier at konflikt faktisk vil oppstå.

Landbruksdrift vil naturleg medføre lukt, støy, gjødsling og aktivitet, og dette er forhold som må forventast i eit landbruksområde. Ein legg til grunn at denne grunnleggjande kunnskapen også vil gjelde for framtidige eigarar av eigedommen.

Ein kan heller ikkje sjå at jordlova legg opp til at hypotetiske konflikhtar langt fram i tid skal vere avgjerande for alle delingssaker. Ei slik forståing ville i praksis gjere det svært vanskeleg å oppretthalde eigarskap og busetting i mange distriktssområde. Vi kan ikkje ende opp med at alle bygder med aktivt landbruk kun skal være bebudde av dei som driv jorda, trenden er større driftseiningar, færre bønder og om ikkje hus som ligg nær dyrka jord skal kunne nyttast til andre enn bønder så vil bygdene bli avfolka.

Formannskapet vurderer at denne saka har fleire særskilde forhold som avgrensar eventuell presedensverknad. Saka gjeld eksisterande bebyggelse med etablert infrastruktur og ikkje oppføring av nye bustader eller nye inngrep i dyrka mark.

Det vert vidare lagt vekt på at vurderingar etter jordlova skal vere konkrete og baserte på forholda i den enkelte saka. Ei godkjenning i denne saka inneber difor ikkje at alle tilsvarande søknader automatisk må godkjennast.

Formannskapet legg stor vekt på omsynet til busetting og levande bygder. Frådelinga legg til rette for aktiv bruk av eksisterande bustadmasse utan nye naturinngrep eller nedbygging av jordbruksjord.

Det vert lagt vekt på at eigarskap til bustad ofte gir meir langsiktig busetting og større investering i eigedom og lokalsamfunn enn rein leige.

Formannskapet vurderer vidare at frådelinga vil bidra til eit hensiktsmessig busettingsmønster i området og ei tenleg areal- og ressursdisponering. Utan noko nedbygging av dyrka jord.

Naturmangfald og miljø

Formannskapet kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke naturmangfaldet i vesentleg grad. Frådelinga gjeld eksisterande bebyggelse og inneber ikkje nye inngrep i natur- eller landbruksområde.

Det er ikkje dokumentert konflikt med registrerte naturverdiar eller friluftsinnteresser, og formannskapet legg til grunn at tiltaket ikkje vil ha negative verknader av betydning for naturmangfald eller landskap.

Samla vurdering

Etter ei samla vurdering finn formannskapet at frådelinga ikkje vil føre til vesentleg svekking av landbruksinteressene på eigedomen eller i området.

Fordelane ved frådelinga i form av busetting, bruk av eksisterande bygningsmasse, utnytting av etablert infrastruktur, ingen naturinngrep og fleksibel ressursforvaltning vert vurderte som klart større enn dei moglege ulemperne.

Formannskapet legg vidare vekt på at omsøkt frådeling ikkje medfører ny nedbygging av dyrka jord, ikkje fører til dokumenterte driftsulemper og ikkje inneber vesentlege negative konsekvensar for landbruket i området.

Formannskapet finn på denne bakgrunnen at frådelinga er forsvarleg ut frå føremålet i jordlova §§ 1 og 12, og at vilkåra for samtykke er oppfylte.

065/26: Klage på vedtak - dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplan og frå § 1-8 i plan og bygningslova for oppføring av til- og påbygg til bustadhus på gbnr. 83/21

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klaga vert ikkje tatt til følgje og vedtak av 17.03.2026 (vår ref. FO-033/26) vert oppretthaldd.

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 065/26 Vedtak:

Klaga vert ikkje tatt til følgje og vedtak av 17.03.2026 (vår ref. FO-033/26) vert oppretthaldd.

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

066/26: Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå arealfromålet i plan for frådelling av tilleggsareal frå gbnr. 137/4 til fritidseigedomen med gbnr. 137/13

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klaga vert ikkje tatt til følgje og vedtak av datert 24.02.2026 (vår ref. FO-017/26) vert oppretthaldt.

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 066/26 Vedtak:

Klaga vert ikkje tatt til følgje og vedtak av datert 24.02.2026 (vår ref. FO-017/26) vert oppretthaldt.

Det vert vist til vurderingane og grunngjevingane i nemnde vedtak og i saksframlegget.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagebehandling, jf. forvaltningslova § 33.

067/26: Reguleringsendring for Leitekvia- Solvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsendringa for Leitekvia- Solvik vedteken, med reviderte føresegnar og planomtale datert 08.05.26.

Etter fvl. Kap. VI (jfr. pbl § 1-9) kan dette vedtaket påklagast til statsforvaltaren. Klage, som bør grunngjevast, skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 067/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert reguleringsendringa for Leitekvia- Solvik vedteken, med reviderte føresegnar og planomtale datert 08.05.26.

Etter fvl. Kap. VI (jfr. pbl § 1-9) kan dette vedtaket påklagast til statsforvaltaren. Klage, som bør

grunngjevast, skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

068/26: Godkjenning av årsrekneskapen 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Den framlagde rekneskapen for 2025 for Stryn kommune med drifts-, investerings- og balanserekneskap samt notar – der driftsrekneskapen kjem ut med eit positivt netto driftsresultat på kr. 3.079.919,41 blir fastsett som Stryn kommune sin rekneskap for 2025.

Finansutvalet 21.05.2026:

Handsaming:

Økonomisjef Eivind Hopland orienterte før handsaming av saka.

Finansutvalet ber om ein gjennomgang av arbeidet som Stryn kommune og andre kommunar er i gong med i samarbeid med blant anna IMDI for å sjå på kor vidt flyktningstilskotet dekkjer kommunen sine kostnader.

Finansutvalet ber om ei orientring om sjukefråveret, tiltak og resultatet av desse.

Finansutvalet tek sak om årsrekneskapen 2025 til vitande.

FIU- 009/26 Vedtak:

Finansutvalet tek sak om årsrekneskapen 2025 til vitande.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 068/26 Vedtak:

Den framlagde rekneskapen for 2025 for Stryn kommune med drifts-, investerings- og balanserekneskap samt notar – der driftsrekneskapen kjem ut med eit positivt netto driftsresultat på kr. 3.079.919,41 blir fastsett som Stryn kommune sin rekneskap for 2025.

069/26: Godkjenning av årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlagde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

Utval for oppvekst 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

UOP- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlagde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

Utval for helse og sosial 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UHS- 016/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlagde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

Utval for samfunnsutvikling 05.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 024/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlagde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

Finansutvalet 21.05.2026:

Handsaming:

Framlegg til finansutvalet, foreslått av Haldor Andre Lungård Hove, ArbeiderpartietArbeiderpartiet
Framlegg til finansutvalet / innspel til sak om årsmelding.

«Frå plan og årsmelding – til handling: bustadpolitisk satsing i Stryn kommune».

Finansutvalet ber om at arbeidet med årsmelding, bustadpolitisk handlingsplan og vidare økonomiplanarbeid blir sett i samanheng, med mål om å gå frå planverk til konkrete tiltak for meir eigna bustadutvikling i Stryn kommune.

Stryn kommune har behov for fleire fleksible og tilgjengelege bustader som kan møte ulike behov i åra framover. Dette gjeld mellom anna einslege, flyktningar, eldre, unge arbeidstakarar, rekruttering til arbeidslivet og utvikling av meir levande bygdesentra.

Finansutvalet ber kommunedirektøren vurdere korleis kommunen kan ta ei meir aktiv og strategisk rolle i bustadutviklinga, særleg i bygdesentra som Stryn, Loen, Olden og Vikane. Dette kan mellom anna gjerast gjennom:

- * betre bruk av kommunale eigedomar og tomter
- * vurdering av sal av kommunale bustader som ikkje lenger er strategisk viktige
- * samarbeid med lokale og regionale byggefirma

- * bruk av OPS-modellar eller andre former for offentleg-privat samarbeid
- * aktiv bruk av Husbanken sine ordningar
- * målretta stimulering til bygging av små, fleksible og rimelege bustader
- * vurdering av felles funksjonskrav, felles innkjøp eller samordna oppstart av fleire mindre bustadprosjekt

Målet bør vere å utvikle bustader som kan nyttast fleksibelt over tid, og som ikkje berre dekkjer eitt enkelt behov. Små leilegheiter, bokollektiv og sentrumsnære bustader kan vere aktuelle løysingar for fleire grupper samtidig.

Dette bør også sjåast i samanheng med kommunen sin økonomiske situasjon. Stryn kommune bør vurdere om sal av lite strategiske kommunale bustader kan frigjere kapital, redusere vedlikehaldskostnader og bidra til meir målretta bustadutvikling i bygdesentra.

Forslag til vedtak / merknad

Finansutvalet ber kommunedirektøren ta med seg vurderingane om «Muligheitsrom Stryn kommune» i det vidare arbeidet med årsmelding, bustadpolitisk handlingsplan og økonomiplan.

Det bør særleg vurderast korleis Stryn kommune kan gå frå plan til handling gjennom ei meir aktiv rolle i bustadutviklinga, med vekt på små og fleksible bustader i bygdesentra, samarbeid med private aktørar, bruk av Husbanken og betre utnytting av kommunale eigedomar.

Finansutvalet ber om at det blir lagt fram ei vidare sak eller orientering som viser moglege tiltak, økonomiske konsekvensar, aktuelle område og samarbeidsmodellar for ei slik satsing.

Økonomisjef Eivind Hopland orienterte før handsaming av saka.

Framlegg frå representanten Haldor Hove (Ap) vert å kome tilbake til i samband med Bustadpolitisk handlingsplan samt i budsjettkonferanse i juni.

FIU- 010/26 Vedtak:

Finansutvalet tek sak om årsmelding 2025 til vitande.

Formannskapet 21.05.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 069/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner den framlangde årsmeldinga for Stryn kommune for 2025 slik den ligg føre.

070/26: Rapport over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 30. april 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 30. april 2026 slik den ligg føre.

Finansutvalet 21.05.2026:**Handsaming:**

Økonomisjef Eivind Hopland orienterte før handsaming av saka.

FIU- 011/26 Vedtak:

Finansutvalet tek Rapport over kommunen si finans og gjeldsforvaltning pr 30.april 2026 til vitande.

Formannskapet 21.05.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 070/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rapporten over kommunen si finans- og gjeldsforvaltning pr. 30. april 2026 slik den ligg føre.

071/26: Søknad om dispensasjon frå arealføremål for oppføring av tribune på gbnr. 70/62 på Loen stadion**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det på følgjande vilkår gjeve dispensasjon frå gjeldande arealføremål for oppføring av tribune ved Loen stadion:

- Tiltakshavar må dekkje sakshandsamingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er satt til kr 7 740 for første dispensasjon etter pbl § 19-1, jf. § 3-8 i Stryn kommune sitt gebyrregulativ for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.

Formannskapet 21.05.2026:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 071/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det på følgjande vilkår gjeve dispensasjon frå gjeldande arealføremål for oppføring av tribune ved Loen stadion:

- Tiltakshavar må dekkje sakshandsamingsgebyr etter kommunalt regulativ. Gebyr for saka er satt til kr 7 740 for første dispensasjon etter pbl § 19-1, jf. § 3-8 i Stryn kommune sitt gebyrregulativ for 2026.

Etter forvaltningslova kapittel VI, jf. plan- og bygningslova § 1-9, kan dette vedtaket påklagast til Statsforvaltaren i Vestland. Klaga bør grunngjevast, og den skal sendast til Stryn kommune innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteke.